




Statens vegvesen

Kommunedelplan og konsekvensutgreiing



N50 Raster © Statens Kartverk



Overordna planlegging og konseptvalutgreiing (KVU)

- Plan for fergefri stamveg E39 er leia av fylkeskommunen. Vi har gjennomført geologiske undersøkingar på tre traséar:
 - Solevåg-Festøy
 - Vartdal-Sulesund m/arm til Hareid
 - Hareid-Sula ytre trase
- Konklusjonen på arbeidet vil bli klart til 17. mars 2010 og blir presentert på Samferdselskonferansen i Kristiansund denne dagen.
- På konferansen vil SVV annonsere oppstart på KVU for E39 Skei-Ålesund (Breivika) inkl. Storfjorden



Planlegging i regi av Statens vegvesen

- Vi ynskjer ein open og inkluderande prosess med respekt for mange meininger.
- Det er fokus på tverrfaglege vurderingar. På dette prosjektet skal 14 fagområde koordinerast og sameinast.
- Vi ynskjer at planarbeidet skal skje i tett dialog med Volda kommune. Vi ynskjer å involvere Ørsta kommune etter behov.



Kva er gjort til no?

- August 2009 – Oppstartsmøte/Idèdugnad med fagansvarlege frå SVV og deltararar frå Volda kommune
- Oktober 2009 – Oppstartsmøte med Multiconsult AS. Feltarbeid og registrering.
- Januar 2010 – Forslag til planprogram for konsekvensutgreiing vart lagt ut til offentleg ettersyn og oppstartsvarsel for kommunedelplan.



Vidare framdrift

- 9. februar – Ope informasjonsmøte
- 1. mars – Høyringsfrist på forslag til planprogram, frist for merknadar ved varsel om oppstart.
- Mars 2010 – Ørsta og Volda kommune fastset planprogrammet
- Juni 2010 – Forslag til KU og kommunedelplan klart frå konsulent
- Oktober 2010 – Utlegging til offentleg ettersyn
- Desember 2010 – Godkjenning av kommunedelplan og KU
- *Forbehold om tilgjengelege planmidlar. Kan bli behov for å utsetje noko arbeid til 2011. "Siste frist" juni 2011.*



Bakgrunn for prosjektet

- Det er bandlagt store areal for ei framtidig veglinje mellom Volda og Furene. Mykje av dette er sentrumsnært areal som kommunen ynskjer å nytte til utbygging.
- Opning av Kvivsvegen i 2012 gir nye trafikkmønster og meir gjennomgangstrafikk i Volda sentrum.
- Vegen gjennom sentrum av Volda er ueigna som stamveg pga. smal veg, krappe kurver og sentrumsbebyggelse.
- Det er relativ tett trafikk i forhold til vegstandard. Dette medfører redusert framkomst noko som er problematisk for kollektivtrafikken, og då særleg TIMEkspressen.
- I sentrum medfører trafikken miljøulemper både for dei som bur langs vegen, og for dei som går og syklar.



Regionale og nasjonale mål

- Inngå i den langsiktige utbetringa av E39, nord-sør som bind saman byane langs kysten
- Binde saman vegprosjekt som gir endra trafikkmønster: Fv. 653 Eiksundsambandet og E39 Kvivsvegen
- Redusere reisetid
- Betre forutsigbarheit, særleg for langdistansetransportar
- Redusere talet på ulykker og ulykkeskostnadane totalt på trafikk mellom Volda og Furene
- Sikre hjortetrekket i Furene, med viktige tilføringsområde og overgang over E39, for å unngå ulykke med skader på både materiell, dyr og menneske




Lokale mål

- Avklare arealbruken i sentrum.
- Avlaste dagens veg og då særleg minske tungtrafikk gjennom sentrum.
- Redusere miljøulemper for naboar til E39 og sentrumsområdet i Volda.




Alternativ Volda



Statens vegvesen

Alternativ Furene



Forslag til utgreiingsprogram

- Prissette konsekvensar
- Ikkje-prissette konsekvensar
- Andre konsekvensar



Statens vegvesen



FORSLAG PLANPROGRAM

Kommunedelplan med
konsekvensutredning
E39 Volda sentrum-Furene

Region midt
Dato: Januar 2010



Statens vegvesen


Kva skal fastsetjast i kommunedelplanen?

- Veglinja for E39 skal fastsetjast
- Nødvendige omleggingar av kommunale vgar.
- Tilrettelegging for gåande og syklande inngår i planen.
- Det skal gjerast nødvendige undersøkingar for å vere sikker på at ein planlegg løysingar som er teknisk gjennomførbare.
- Det skal gjerast økonomiske vurderingar av alternative løysingar. Det skal gjerast anslag på alternativa med nøyaktigkeit på +/- 25%
- Arealbruk på bandlagde område skal fastsetjast. Tilgrensande areal skal planleggast av kommunen og inngå i planen som Statens vegvesen utarbeidar.



Vegstandard

- Vegen blir planlagd etter dimensjoneringsklasse S4 med trafikk 4000-8000 køyretøy/døgn og fartsgrense 80 km/t. Dette gir eitt køyrefelt i kvar retning med oppmerka midtfelt mellom, dvs. ei total vegbredde på 10 meter.




Tverrprofil S4, 10 m vegbreidde (mål i m)



Tunnelklasse

- Tunnelen blir planlagt etter dimensjoneringsklasse C, dvs. eittløps tunnel med markert midtfelt. Totalbreidde på 10,5 meter i kjørebanenivå.



Medverknad

- Brev med varsel om oppstart og forslag til planprogram blir sendt til offentlege instansar og private interessegrupper i området
- Forslag til planprogram blir tilgjengelege på servicekontora i kommunene og hos Statens vegvesen i Ørsta og Ålesund
- Det blir halde ope møte 9. februar 2010
- Det er etablert ei nettside for prosjektet på www.vegvesen.no
Det blir også informert på kommunane sine heimesider
- Forslag til kommunedelplan og konsekvensutgreiing skal leggast ut til offentleg ettersyn. Dette blir annonser og sendt ut berørte. Det vert halde nytt ope møte i høyringsperioden



Etter godkjent kommunedelplan

- Nasjonal transportplan 2010-2019 omtalar ikkje prosjektet.
- Dersom prosjektet skal starte opp før 2020 må overføringane til vegbygginga auke eller det må gjerast eit vedtak om innføring av bompengar lokalt. Mest sannsynleg 80% bompengar 20% statleg finansiering
- Finansering av reguleringsplan kan skje gjennom statlege planmidlar eller at eitt evt. bompengeselskap finansierer han. Arbeid med reguleringsplan tek omlag eitt år
- Når finanseringa er på plass og ein har godkjent reguleringsplan kan grunnerverv starte. Dette vil gå parallelt med byggeplanlegginga. Bygging kan startast om lag eitt år etter at reguleringsplan er på plass.

